

Til stades: **20.januar:** Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar (gikk 14.45 under sak 04), Helene M. Bolstad - nestleiar, Hilde Reitan (gikk kl 15.00 etter sak 04), Tove Leinslie
Gro Marie Svidal – 1.vara, Gudrun Folkedal – 2.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes, Marit Vestrum, Jorun Hagen, Liv Ulvik, Ingrid Stuhaug, Audun Stokke Hole og Sigurd Reinton.

21.januar: Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar, Helene M. Bolstad - nestleiar, Hilde Reitan, Tove Leinslie

Gro Marie Svidal – 1.vara, Gudrun Folkedal – 2.vara

Linda Dyrnes, dagleg leiar, Marit Vestrum tillitsvald, Ingrid Stuhaug var til stade under sak 14-16.

Tid: **Tysdag 20.januar kl.10.00 til onsdag 21.januar 16:00. Middag tysdag kl.18.00.**

Stad: **Tysdag : Hotell Bristol. Onsdag: Schous.**

Sakliste

Styresak 2015/01 Innkalling og sakliste

Styresak 2015/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Rekneskapsrapport per november 2014 med merknadar
- b) Kort orientering frå kvar tilsett om kva dei gjer på no.

Styresak 2015/03 Utviklings- og rekrutteringsprosjekt i lokallaka – drøfting

Styresak 2015/04 Bygda Dansar som FolkOrg-lag

Styresak 2015/05 Revidering av særskilde satsingar i Langtidsplan og prioritering av aktivitetar.

Styresak 2015/06 Revidert budsjett 2015

- Styresak 2015/07 Medlemspengar: Vurdering av familiemedlemsskap og støttemedlemskap, samt medlemspengar 2017 og 2018.**
- Styresak 2015/08 Tema på seminar på Landsmøte 2015**
- Styresak 2015/09 Sakliste til Landsmøte 2015**
- Styresak 2015/10 Innspel til Statsbudsjettet 2016 – kva saker prioriterer vi?**
- Styresak 2015/11 Utsending til årsmøte i områdelag**
- Styresak 2015/12 Søknad om å bli medlem i FolkOrg – Gamlebanken spelemannslag**
- Styresak 2015/13 Årets lokallag – kriterium**
- Styresak 2015/14 Tevlingsreglement**
- Styresak 2015/15 Leigesummen for Landskappleiken på Fagernes**
- Styresak 2015/16 Oppdatering av Arrangørhandboka og mal for sluttrapporten for LK og LF.**
- Styresak 2015/17 Retningsliner for ugildskap i FolkOrg**
- Styresak 2015/18 Helsingar til heidersmedlemmer på runde dagar.**
- Styresak 2015/19 Oppnemning av nytt heidersmedlem?**
- Styresak 2015/20 Eventuelt**

Styresak 2015/01 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2015/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) **Rekneskapsrapport per november 2014 med merknadar**
- b) **Kort orientering frå kvar tilsett om kva dei gjer på no.**

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering.

- a) Rekneskapsrapport for 2014 er enno ikkje avslutta. Per november ser det i hovudsak greitt ut, men vi har meirforbruk på prosjekt som Folkelarm og omlegging av nettsider. På andre prosjekt har vi noko mindreforbruk. Det er en fare for noko meirforbruk totalt sett, men vi har ikkje heile oversikta enno.
- b) Kort oppsummering av kva dei tilsette sine hovudoppgåver er for tida:
 - Utøvarrådgjevar:
 - Arbeid knytt til det norske fokuset på Tysklands største folkemusikkfestival TFF Rudolstadt til sommaren.
 - Arbeid med promoterings-CD for norsk og samisk folkemusikk som skal lanserast i vår. Vi har fått tilskot frå Utanriksdepartementet til denne og vi samarbeider med dei og Music Norway om prosjektet.
 - INTRO-folk: semifinalistane er klare, og fordelte på festivalar. Planlegger lansering av desse.
 - Planlegging av seminar på Folkelarm.
 - Samarbeid med fagutvalet for yrkesutøvarar
 - Diverse rådgjeving, politisk arbeid med meir.
 - Redaktør:
 - Den nye redaktørens første nummer har slipp på Sølvsuper 8.februar.
 - Skal jobbe meir systematisk med folkemusikk.no, få fleire til å skrive.
 - Skal etablere redaksjonsråd nå.
 - Amerikanummer vert siste nummer i 2015.02.03
 - Prosjektleiari Folkelarm
 - Søknadsportalen er opna.
 - Nytt samarbeid med Finland, som kan bidra til å spreie informasjon og kanskje søkje tilskot.
 - Det er gjort avtale med same produksjonsteam som tidlegare.
 - Skal engasjere ein marknadsansvarleg.
 - Arbeidet med å få juryane på plass er i gong.
 - Nettsidene skal forenklast.
 - Kontormedarbeidar

- Mykje arbeid knytt til årsavslutning; billag, medlem, abonnement med meir.
- Landsmøteplanlegging
- Merkast godt at vi er færre folk for tida.
- Rådgjevar for kappleikar og Landsfestival:
 - Arbeid med å få dommarane på plass til LK og LF.
 - Planlegg dommarseminar i samarbeid med Buskerud folkemusikklag.
 - Seminar på Landsmøtet om sponning.
 - Få fleire vandrepremiar
 - Forbetring av instrumentutstilling.
 - Oppdatering av påmeldingssystemet
 - Furestiftinga
 - Diverse
- Rådgjevar for lokallag og folkemusikkarrangørar:
 - Har vore mykje arbeid med styresaker.
 - Festivalundersøking i samarbeid med Norsk Jazzforum, Norske konsertarrangørar og Norske festivalar.
 - Innmelding i arrangørnettverket i FolkOrg – stor interesse.
 - Seminar på NMH om rekruttering til folkemusikkfeltet.
 - By:larm
 - Planlegging av seminar på Folkelarm
 - Tilskotsordningar
 - Oppfølging av arbeidet i Møre og Romsdal
 - Årets lokallag
 - Årsmelding
 - Få oppløring i publisering på nettsider.
 - Diverse rådgeving og førefallande arbeid.
- Dagleg leiar:
 - Årsavslutning
 - Planlegging og gjennomføring av arbeidet med årsmelding og rekneskap,
 - Planlegging av arbeidsplan
 - Førebuing av to styremøter og Landsmøte
 - Planlegging av nordisk konferanse om immateriell kulturarv
 - Planlegge møte i arrangørforum
 - Møte på NMH om rekruttering til folkemusikk og – dans.
 - Topplederkonferanse i Frivillighet Norge
 - Planlegging av politisk lobbyarbeid.
 - Medarbeidarsamtaler
 - Vanlege leiaroppgåver
 - Høyring på rapport frå Møre og Romsdal
- c) Per Øyvind Tveiten orienterte om at Norsk hardingfelesenter i Bø er etablert.
Nettside: fela.no

Styresak 2015/03 Utviklings- og rekrutteringsprosjekt i lokallaga – drøfting

Vedtak: Administrasjonen tar eit møte med Sparebankstiftelsen for å høyre kva moglegheiter det er for å søkje tilskot til eit rekrutteringsprosjekt, og arbeider vidare med ideen i samband med prosjektskildring og evt arbeidspartar.

Styresak 2015/04 Bygda Dansar som FolkOrg-lag

Vedtak:

Bygda dansar kan søkje om medlemsskap i tråd med same praksis som andre lag. Bygda dansar skal ved søknad om medlemsskap få godkjent heile prosjektet slik at innmelding av nye Bygda-dansarprosjekt kan gjerast administrativt. Vi utarbeider ei informasjonspakke på bakgrunn av den informasjonen og malar vi alt har i høve søknad om medlemsskap.

Styresak 2015/05 Revidering av særskilde satsingar i Langtidsplan og prioritering av aktivitetar.

Vedtak: Administrasjonen arbeider med eit framlegg til prioriteringar av aktivitetar til neste styremøte. Styret drøfta særskilde satsingar, desse vert endeleg vedteke som framlegg til Landsmøtet i neste styremøte.

Styresak 2015/06 Revidert budsjett 2015

Vedtak:

- Vi reduserer 20 % av disponible lønnsmidlar til å dekke underskotet i framlegget. Rest på kr 23 000 nyttast til å leige inn ekstrahjelp.
- Budsjettet for Folkelarm må kvalitetssikrast og det er ein føresetnad at vi ikkje går med underskot i høve budsjett.
- Vi arrangerer ikkje Meisterkonsert i operaen i 2015, men tek høgde for å arrangere det på nytt i 2016.
- Hovudtrekka i budsjettframlegget vert vedteke som framlagt, men må kvalitetssikrast ut frå resultat for 2014 og dei planane vi har i 2015.

Styresak 2015/07 Medlemspenger: Vurdering av familiemedlemsskap og støttemedlemsskap, samt medlemspenger 2017 og 2018.

Vedtak:

- a) Styret i FolkOrg rår Landsmøte om ikke å opne for familiemedlemsskap og støttemedlemsskap
- b) Medlemspenger for 2017 vert sett til kr 290 for vaksne, og kr 100 for born.
 Medlemspenger for 2018 vert sett til 290 for vaksne, og kr 100 for born.

Styresak 2015/08 Tema på seminar på Landsmøte 2015

Vedtak: Finansiering av prosjekt og aktivitet vert tema for seminar på Landsmøte.

Styresak 2015/09 Sakliste til Landsmøte 2015

Vedtak: Framlegg til sakliste for Landsmøte 2015 vert vedteke.

Styresak 2015/10 Innspel til Statsbudsjettet 2016 – kva saker prioriterer vi?

Vedtak: I innspel til statsbudsjettet 2016 skal vi fokusere på:

- Auka driftstilskot
- Kulturmidlar til utanriksdepartementet
- Tilhøva til arrangørfeltet
- Kunstnarkår
- Auka tilskot til Studieforbunda
- KOMP

Styresak 2015/11 Utsending til årsmøte i områdelag

Vedtak: FolkOrg er slik representert på årsmøta i områdelaga:

Områdelag	Dato	Tid	Sted	Repr.
Trøndelag folkemusikklag	24. jan	16:30 - 1730	Vauldal ved Brekken	Ingen kan

Sogn og Fjordane folkemusikkalg	22. feb	15:00	Skei hotell på Skei	Helene Myklemyr Bolstad
Buskerud folkemusikklag	14. mars		Folkemusikksenteret i Buskerud Prestfoss	Marit Vestrum
Hedmark folkemusikklag	28. feb	17:00	Kilde, Løten	Linda Dyrnes eller Hilde Reitan
SAFFA	28. april		Akershus musikkråd, Kjeller?	Marit Vestrum
Møre og Romsdal folkemusikkalg	12. april		Tresfjord	Marit Vestrum
Gudbrandsdal folkemusikklag	11. apr		Rudi Gard	Hilde Reitan
Valdres folkemusikklag	19.mars			Per Øyvind Tveiten, om det passar
Telemark folkemusikklag				Per Øyvind Tveiten om det passar
Hordaland folkemusikklag	mars			Gudrun Folkedal/Per Øyvind Tveiten eller Mari Skeie Ljones

**Styresak 2015/12 Søknad om å bli medlem i FolkOrg – Gamlebanken
spelemannslag**

Vedtak: Søknaden om medlemskap i FolkOrg frå Gamlebanken spelemannslag er godkjent med atterhald om at vedtektene endrast i tråd med FolkOrg sine vedtekter i §3 Medlemsskap.

Styresak 2015/13 Årets lokallag – kriterium

Vedtak:

- 1) Retningslinjer for premie, juryarbeid, utdelingsstad for årets lokallag og reiserekning for nominerte vert ikkje endra.
- 2) Tidsplan vert godkjent.
- 3) Kriterium for årets lokallag i 2015 er: Formidling og synleggjering av norsk folkemusikk – og folkedans både på lokalt, regionalt, nasjonalt og til tider internasjonalt nivå.

Styresak 2015/14 Tevlingsreglement

Vedtak:

- a) Styret har drøfta om det treng ei presisering av tevlingsreglementet punkt 13 Tevling i dans, og styret vurderer det slik det ikkje er naudsynt å endre reglementet, då det ikkje er namnet på dansen som er avgjerande, men taktarten.
- b) Styret vedtar å fortsetje med lagdans som eiga klasse på Landsfestivalen, samt at ein kan stille med same instrument to gonger i gruppespel.

Styresak 2015/15 Leigesummen for Landskappleiken på Fagernes

Leigesummen vert ikkje endra. Styreleiar sendar eit skriftleg svar til arrangørane, og vi avtaler eit møte med dei etterpå.

Styresak 2015/16 Oppdatering av Arrangørhandboka og mal for sluttrapporten for LK og LF.

Vedtak:

Styret vedtek at Arrangørhandbøkene for Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk skal reviderast i løpet av våren 2015.

Vi vel ein hovudleiar og ein tevlingsleiar frå kvart arrangement, ein ekstra i tillegg for Landskappleiken, samt ein frå styret og Ingrid Stuhaug til å delta i arbeidet.

Landsfestival: Kjærsti Gangsø og Stig Nilssen.

Landskappleik: Bjørn Lien, Synne Grothe; Arne Grindstuen.

Frå styret: Hilde Reitan

Dersom ikkje disse kan, har administrasjonen fullmakt til å spørje andre relevante personar.

Styresak 2015/17 Retningslinjer for ugildskap i FolkOrg

Vedtak:

Styret i FolkOrg vedtek desse retningslinjene for ugildskap for styremedlemmer og tilsette i FolkOrg:

”1. Eit styremedlem eller ein tilsett i FolkOrg er ugild til å handsame ein sak:

- a) Når han/ho sjølv er part i saka
- b) Når han/ho er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande line eller i sideline så nær som søsken.
- c) Når han/ho er gift/sambuar med ein part.
- d) Når han/ho sit i styret i eit lag eller hos ein arrangør som er part i saken.
- e) Når ektefelle/sambuar, foreldre eller born sit i styret i eit lag eller ein arrangør som er part i saken.

2. Når eit styremedlem eller ein tilsett i FolkOrg er ugild:

- a) Kan ho/han ikkje førebu sakspapira til saken.
- b) Skal han/ho ikkje vere i rommet når den aktuelle saken vert handsama.”

Styresak 2015/18 Helsingar til heidersmedlemmer på runde dagar.

Vedtak:

Vi har gjort ei førebels fordeling av nokre av dei runde dagane, styret handsamar saken på nytt i junimøtet.

- Trond-Ole Haug vitjar Johan Vaa
- Per Øyvind Tveiten og kanskje Gro Marie Svidal vitjar Leif Rygg
- Olav Luksengård Mjelva vitjar Inge Godtland
- Hilde Reitan vitjar Ivar Schjølberg
- vitjar Tarjei Romtveit (samstundes med LK)
- vitjar Birgit Rike Lund
- Helene M. Bolstad vitjar Olav P. Hjelvik

Styresak 2015/19 Oppnemning av nytt heidersmedlem?

Saka er utsett til 18.mars.

Styresak 2015/20 Eventuelt

- Det er varsla store nedskjeringar i NRK og det kan ramme arkivet særskild. Vi må gjere merksam på kva folkemusikkarkivet i NRK betyr for folkemusikken og dansen.
- **Neste møte 18.mars 2015 10-17 på Schous**